This is a digital copy of a book that was preserved for generations on library shelves before it was carefully scanned by Google as part of a project to make the world's books discoverable online.

It has survived long enough for the copyright to expire and the book to enter the public domain. A public domain book is one that was never subject to copyright or whose legal copyright term has expired. Whether a book is in the public domain may vary country to country. Public domain books are our gateways to the past, representing a wealth of history, culture and knowledge that's often difficult to discover.

Marks, notations and other marginalia present in the original volume will appear in this file - a reminder of this book's long journey from the publisher to a library and finally to you.

Usage guidelines

Google is proud to partner with libraries to digitize public domain materials and make them widely accessible. Public domain books belong to the public and we are merely their custodians. Nevertheless, this work is expensive, so in order to keep providing this resource, we have taken steps to prevent abuse by commercial parties, including placing technical restrictions on automated querying.

We also ask that you:

+ *Make non-commercial use of the files* We designed Google Book Search for use by individuals, and we request that you use these files for personal, non-commercial purposes.

+ *Refrain from automated querying* Do not send automated queries of any sort to Google's system: If you are conducting research on machine translation, optical character recognition or other areas where access to a large amount of text is helpful, please contact us. We encourage the use of public domain materials for these purposes and may be able to help.

+ *Maintain attribution* The Google "watermark" you see on each file is essential for informing people about this project and helping them find additional materials through Google Book Search. Please do not remove it.

+ *Keep it legal* Whatever your use, remember that you are responsible for ensuring that what you are doing is legal. Do not assume that just because we believe a book is in the public domain for users in the United States, that the work is also in the public domain for users in other countries. Whether a book is still in copyright varies from country to country, and we can't offer guidance on whether any specific use of any specific book is allowed. Please do not assume that a book's appearance in Google Book Search means it can be used in any manner anywhere in the world. Copyright infringement liability can be quite severe.

About Google Book Search

Google's mission is to organize the world's information and to make it universally accessible and useful. Google Book Search helps readers discover the world's books while helping authors and publishers reach new audiences. You can search through the full text of this book on the web at `http://books.google.com/`

A 931,336

Digitized by Google

THE LIBRARY OF

CLASS
BOOK

U. of M. Duplicate

Digitized by Google

Digitized by Google

Digitized by Google

839.88
M89ru

Digitized by Google

Digitized by Google

RUNIR

Digitized by Google

Digitized by Google

IVAR MORTENSSON

RUNIR

KRISTIANIA
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & Co. (W. NYGAARD)
1908

Digitized by Google

Nokre av stykki i denne boki hev vori prenta fyrr, soleis hev sume stadi i «Paa ymse gjerdom» 1889.

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

Digitized by Google

Fyriord.

Eg gjekk til den kvitskjeggja runemeisteren, han som paa Himinberg bur, og eg bad han lære meg runir um livsens veg.

Det som runemeisteren tala til meg er det eg hev skrevi i denne boki.

OCT 14 1911

Digitized by Google

Digitized by Google

Vegen.

Du bed meg tala um livsens veg.

Kor kann eg det? Kor veit eg det?

Eg som berre gjeng min eigin veg. Og koss han er laga, og kvar han endar, det veit inkje eg.

Den vegen gjeng eg som eg *lyt* gange. Som ein blind gjeng eg. Ei hand leider meg som eg inkje ser. Men eg kjenner naar taket glepp; daa villest alle vegir.

Ei hand kjenner eg som trykkjer lint og varmt. All mi kunst er berre aa kjenne kvar ho fører meg.

Slik er min veg. Gjerne vil eg fortelja deg um den.

Gjevi vert det meg. Gjeva vil eg det til andre. Men det som inkje vert gjevi, det kann eg heller inkje taka. Ein fatik mann er eg. Inkje noko hev eg i meg sjølv. Einast fordi eg mykje fær, kann eg hava noko til aa gjeva.

Digitized by Google

Digitized by Google

Langleite.

Der som langleite blaanar, hev hagetrei vaksi upp med høgre toppar og tettare greinar aar for aar, so at no er det faae, som ser blaanande langleite i himil-synom, utan den som er so gamal at han minnest kvar det var, so han kvesser sine augo og nidstirer gjenom op og glop, naar vinden lyfter paa greinom — eller han er høgre enn andre folk, so han ser yvir alle tretoppar.

Men alle dei andre? Skal dei daa gløyme gamle langleite og nøgje seg med smaafagre nærleite i sin eigin hage?

Eller skal me hogge alde-trei burt, so her vert vidsynt?

Nei, skal dei falle, lyt det inkje vera ved manna-hand. Det som menneskja hev planta er det einast valdsmenn som riv burt.

Men inkje mun hugen trivast, utan han langt fær fara. Ei tidleg grav vil han elles finne i sitt eigi fengsel, og lekemen vert full av naa-tev i staden for ange av rosur.

Lyde meg, lyde meg!

Digitized by Google

Upp vil me sjølve stige, upp paa høgre tramar. Daa vil augo naa vidare i alle heimar, til burtlengste himil-leite.

Inkje som fedrane, krjupe i holur eller liggje paa tufti, men trev set me upp paa det laage stogu-taket og byggjer ljose heimar i høgdi.

Etter som trei veks — dei som menneskja hev planta og Gud gjevi vokster — stig me sjølve høgre upp, tøygjer oss mot himilen. Daa vil menneskja aldri vante langleite.

*

Dette er det eg vil gjera, tøygje meg i høgdi, so eg ser millom tre-toppar og sky-glop til burtlengste heimar i *dette* mitt liv og jamvel burtanfor dette mitt liv.

Og eg vil tala slik som eg tenkte og tala i kvar ein bolk av mitt liv.

Men min livs-veg er inkje berre min eigin veg, det er ein folkeveg fraa gamalt attende og frametter til den tid som faae enno kjenner.

Digitized by Google

FYRSTE BOLKEN

UHEILS-RUNIR

Digitized by Google

Digitized by Google

I. Heimstreet.

Eit tre munde trygt
paa tunet stande;
vel det voks
vidt yvir land.
Veit du kva rot
det rann av treet?
Veit du kva kruna
kviskra i løynd?

Eit tre munde trygt
paa tunet stande,
høgt tre, vatna
med kvitende vaag.
Derfraa kjem dogg
som i dalane fell.
Allgrønt i alder
og æve det stend.

Derfraa kjem møyar
mangt vitande;
tri dei tvinnar
livs-taattane.
Dei lov mun leggje,
og liv dei kaarar.
For manna-lyden
dei lagnaden set.

Sjaa Edda.

Digitized by Google

Derfraa kjem runir,
som røynast skal vel:
uheils-runir
illt dei varslar,
al-runir alle
ypparst' aa kjenne,
og siger-runir
um song og sæle.

Dei inn vart riste
og ut vart strokne,
men sume stavar
stande faste.
Aa tyde teikni
tjodir lærde,
vise vanir
i vide heimar.

Tri røtar stend
paa tri sidur
under høge
himil-treet.
Hel ved den eine,
i havet den andre,
ved den tridje menn
i Mannheim byggjer.

Ikorn idugt
att og fram fer,
raskt det renner
fraa roti til topps.
Ber ord fraa ovan
der ørni ho sit,
og ned deim fører
til Nidhogg i Hel.

Digitized by Google

Aldruge treet
illt det heve
meir enn nokon
mann det veit.
Hjort hit i topp;
tre-legg folnar;
ramt i roti
riv Nidhogg.

Digitized by Google

II. I draumelandom.

Som draumar sviv det for minne. Men kvi skal ein gøyme paa draumar?

Høgt i sky sat ein som var utgamal aa sjaa til men likevel ung i si bragd, og jordi hadde han til fotstød. Kvar gong han støytte til jordi, svirra ho i tunn i tusund aar.

Ved sida hans sat ein som tyktest ung mot den andre. Men attmed sveiv det ein fugl med strakte vengir i eit stort ljos.

Vreidt loga augo paa den gamle, han lyfte foten og fløygde til jordi, so ho drog inn i vaate skyheimar, og alt liv tyktest drukne paa jord. Daa saag eg taarir i augo paa den andre, han som var ung.

*

Det sviv for hugen som eit anna minne:

Eg tyktest sjaa eit stort ljos midt paa høge himlen. Augo vart mest blinda av glansen. Um eit bil vart eg var ein svivande fugl uppe mot det store ljoset. Sidan fekk eg sjaa ein bjart regnboge under det store ljoset og ein mann med ljonande

Digitized by Google

augo. Men under regnbogen sat det ein med raud kyrtil. Med den eine handi var det som han vinka, og han mana med den andre.

Paa høgre sida hans saag eg flokkar som seig og fall i yrjande mengd ned mot eit myrkt djuv.

Men upp fraa dette myrke djuvet paa andre sida saag eg endelause flokkar stige og stige, lyftast til vers av ei kraft som eg inkje kunde sjaa. Alle var dei fagre, anten dei var unge eller gamle, alle var dei fagre. Og fagrare vart dei, di lenger dei kom, heilt til øvst paa fjellet mot ei lysande sky, der eit blaaklædt kvende stod og synte deim veg etter gullprydde brautir til høge hallir ved grøne lundar.

*

Det sviv meg for minne som ljoden av ei røyst som eg ein gong hev høyrt, langt att i tidi, fyrr mi eigi tid, fyrr eg var den eg er, men likevel var det til meg.

Røysti tala:

«Din eigin vilje skal raade; ditt eigi rike skal du faa, der du kann bruke di magt og laga deg vaapen og reidskap til arbeid og strid.

Fridomen gjev eg deg til aa vera deg sjølv. I fred for meg skal du vera, til du søkjer meg, anten til ven eller fiende.

Far so av og leita deg ein stad, kvar du vil, og ver din eigin herre!

Digitized by Google

Dei natur-lovir, som raader der du slær deg ned, dei skal ogso vera dine lovir; for gjerningane dine bere du fylgdi sjølv.

Eit slør legg eg yvir alt som du veit og minnest.

Andre gaavur gjev eg inkje enn evna til aa granske livet, paa deg sjølv stend det daa kor langt du kann koma.»

Eit svar tyktest liggje paa tunga mi:

«Nøgd er eg av hugsviv og draum. Røyndom vil eg hava i eit manna-liv. Meg sjølv vil eg vera, fri vil eg vera for alle band. Burt fraa deg gjeng min veg, eg støyper meg til jordi, i mannasveimen vil eg lata mitt ljos skine og liva som eg vil, min eigin gud vil eg vera. Er du anna enn draum og dikt, so syn meg der at du er til. Leita etter meg um du vil, men finne meg gjer du inkje, fyrr eg sjølv spør etter deg. Men min eigin vilje fer eg etter, lengi vert det fulla aa bida, fyrr eg gjeng paa andre.»

Digitized by Google

III. Koma til livet.

Det er ingin gud. Paa draum og dikt er det ende. Men *eg* er, *eg* er, *eg* er.

Endaa inkje, men eg er den som hev trongi til liv, eg er den som *vil* liva.

Liv, liv, ropar eg etter. Gjeve meg eit menneskjeliv, og eg skal syne dykk der er ingin gud, men eg er, eg er, eg er.

Eg ligg som ein regndrope i skyi, ferdug til aa falle paa jord. Du ser meg inkje, kjenner meg inkje, men eg sviv yvir mannaheimen og leitar.

Kvar skal eg finne deim som eg leitar etter, dei som skal bera meg fram til liv?

Einfalduge og truskuldige lyt De vera, so De kann elske meg yvir all maate, elske meg høgre enn alt paa jord, gløyme dykk sjølve, berre sanse meg.

Um eg skal langvegjes dykk hente, eg bind dykk daa saman; den sterke gløding som vert kveikt i hjarta paa dykk, mine livslengslur er dette.

*

Kome alle mine venir, sjaa eg hev funni deim som eg leita etter.

Digitized by Google

Kome alle mine venir, sanke blomar til aa straa for foten deira. Sanke blomar og binde kransar paa deira veg; fylle lufti med rose-ange, so dei inkje gaumar og inkje haattar; døyve deim og drukne deim; gjere deim øre av elskhug, med eg bind deim saman med traadar og band, med tog og lekkjur, so dei inkje anna vil, inkje anna veit enn at dei baae er ei sjæl og eit lekem; for eg vil til liv, og De skal bera meg fram.

*

Undrast du far? Var det inkje dette du hadde venta?

Visste du inkje at det var eg som fyribudde koma mi? Skyna du inkje dette i din blindskap, at til tenaren min hadde eg set deg ut, daa du var so stor og sterk og god og lagde alt ned for føtane til ho mor?

Undrast du paa, at eg log so kjent imot deg fyrste gongen du saag meg? Du tykte synd i meg, du lyfte meg upp, kreista meg i armane, kysste meg og kalla han meg for sonen din. Du store, gode, truskuldige far!

*

Ja, kome berre, kome alle og sjaa paa nyfødingen, han er det fulla verd. Eg hev inkje komi til livs for at eg skal gøyme meg burt i myrke krokar, men for at menneskja skal sjaa meg.

Mine tenarar er De alle.

*

Digitized by Google

Gjeve meg, gjeve! Eg er inkje bljug.

Gjeve meg alt det De eig, ungdom, venleik, livsens merg og magt. Eg tek imot.

Gjeve meg taarir, gjeve meg smil, gjeve meg helsa dykkar og arbeid alt som De magtar. Eg tek imot.

Dette krev eg: De skal elske meg og vigje meg kvar dykkar tanke.

Digitized by Google

IV. Uppvokster.

Varme hendar greip um meg, daa eg kom til jord. Eg laag trygt og gledde meg yvir det faste taket som hjelpte i alle vanskar. Eg var som eit sandkorn i ein stor lóve; det smett undan alle trykk og kann inkje knasast — soleis tykte eg med at det var trygt og varmt i dei store hendane.

Sidan vart det annleis. Eg kjende inkje hendar som var mjuke og varme, men nevar som var harde og kalde. Dei kleip meg ihop, rædde for at eg skulde sleppe undan. Var eg laus, kom dei snikjande, greip meg um livet, helt meg fast som tengar og vilde aldri sleppe taket.

Eg var som i drauge-dans. Daudingklør treiv etter meg og kneip meg blaa. Eg vart ør i hovudet som um alle verdsens farsottir var etter meg. Dei elte meg, og eg sprang til blodet stod meg i halsen.

*

Som skoddekrullar kjem lurande millom tre og haugar og stengjer veg og viller hug og slepper seg som ei mare ned paa jordi —

Digitized by Google

soleis kom menneskja, blaasande sin ande imot meg, paa det eg skulde tenkje det same og vilja det same som dei.

Kvi skal det inkje lukkast meg aa koma so langt undan, at ingin andar vondt paa meg?

Undan?

Den som kjende seg sterk nok til aa freiste kreftir med rovdyri som ét mi sjæl!

Eg vil inkje allstødt undan røme, eg vil manneleg bide.

Eg vil mane deim fram, eg vil stride med deim.

Det er som aa kjempe mot vinden, det piskar meg i andlitet, eg yler av verk, men kjempe vil eg.

Aatte eg berre magti, som eg hev viljen.

*

Eg drog ut i einsemdi. Eg vilde øve upp magti mi, øve ho mot dyrom.

Og Pan laante meg fløyta si.

Daa kom eg i undring, naar eg saag støkken tok alle som kom meg nær.

Folk skal eg støkkje. No kann eg kunsti. Støkkje og aga og synkverve.

Dette er rette vegen til magt i mannaheimen.

*

Støkken fylgjer meg. Ageleg er eg for menneskja. Uvandt er det aa eggje upp folki paa

Digitized by Google

jord; meir enn det halve gjer dei sjølve. Kastar eg ein gneiste ut, so vert det ein stor hugbrand. Dei øsest upp mot kvarandre, og bror sparer inkje bror.

Berre *ein* er det som stend meg imot.

Digitized by Google

V. Gud er.

Du er til.

Øgjeleg er du. Men eg merkar du er til.

Godt unner du ingin. Ulukkur veld du.

Naar vaaren kjem og allting blømer, kvifor maa det inkje faa bløme?

Det kunde faa bløme, naar ingin døyvde og slo det ned.

Men kven kann vera so hjartelaus at han slær mannsens lukke ned?

Ingin annan enn du Gud! Ingin annan enn du Gud kunde misunne menneski aa vera lukkelege.

Som eit ljon slær du ned, brenner upp alt som liver og segjer du krev offer.

Og naar ein inkje vil ofre til deg, so din eld kann tyne det kjæraste ein eig, daa slepper du skyine ned, daa druknar du menneski i vatn.

*

I røyndi held eg med deg.

Var eg i ditt stelle, so gjorde eg det same. Den største fysna er det aa slaa ned den som sjølv vil vera stor.

Digitized by Google

Og dei store mugane, kvifor skal dei liva? Dei som ét og drikk og èl born.

Eg med hev hugnad, naar eg drøymer meg inn i ditt stelle. Eg ser kor vatnet stig og stig, menneski flyg, strøymer alle til fjells, byggjer altar paa høgste nutom for alle slag gudar og trur seg trygge.

Dei ser inkje at bakum fjellgarden kjem havet veltande. Dei trur det er skyir. Dei merkar inkje kor det brusar og brenn, og at høgt imot himil gjeng havmannen fram. Han lyfter sitt hovud, og hesten han traavar, trør vatnet med breide grøne høver. Sjaa kor trygg han gjeng. Det hev ingin hast. Han veit han naar fram.

Ja, fram gjeng han, stig upp etter fjell og nedatt i dalar. Og der han hev fari, ser du korkje fjell eller dal meir. Havet ligg der slett og tegjer.

*

No ser eg manna-hugen, korleis han er laga, der dei slæst etter aa koma upp paa høgste tinden og velter dei andre til side, so dei sjølve skal koma upp, ansar inkje likdungar av venir og frendar.

Eg unner deim dette. Eg skulde sjølv gjerne vori havbaara, som fekk gløype baade folk og fjell.

*

Paa ein høg tind ser eg ein gamal mann med sin einaste son.

Digitized by Google

Sonen hev bori far sin upp gjenom brattaste berg, der manna-fot aldri hadde fari.

Etter deim velter havet seg fram, upp yvir ufs og skor, det yler og frøser, sig ned, men kjem attende, det fysser og sprøyter og sleikjer snart med graadug tunge inn yvir høgste tram.

Daa triv gubben til kniven. Han ofrar til deg, du øgjelege, ofrar si kjæraste eign, si alderdoms von, sin einaste son.

Og gubben vart spara.

*

Jau Gud er til. Han einast var det som kunde gjera dette.

Du er til. Øgjeleg er du!

Digitized by Google

VI. Striden mot Gud.

Naar natti er myrk, daa fær hugen paa vidvank og leitar etter ljose stelle.

Og langt undan saag eg ei lysning paa himilen. Eg gjekk etter ljoset, og eg saag det kom fraa ei gullborg paa eit høgt fjell.

Murar var det kringum borgi, og fjellet var bratt. Vegir og stigar fanst det, men læste portar var det fyri kvar ei grind. Og der alle vegir møttest, fraa nord og sud og aust og vest, der stod det ein gamal mann med graatt skjegg og hadde nykil til porten.

Vil du inkje sleppe meg inn?

Trur du eg er rædd ein gamal mann?

Eller meiner du eg vil stige paa bønstolane for deg?

Det er vel andre vegir!

Sjølv vil eg laga min veg. Eg vil inkje gaa i fylgje med heile herke.

Eg ræddast inkje for den flokken som gjeng rundt um borgi og vøler paa muren. Det er vel inkje so kallege kjempur.

*

Digitized by Google

Upp alle mann! her-kjempur alle, storme borgi; med magt vil me trengje oss inn.

Kvi gjeng De inkje paa? Valnar De i knei? Kann inkje sterke menn lenger klive fjell?

Aa De dett, De dett; berre den gamle mannen slær ut med nykilen, vert De som svimeslegne, dett og dett; den som er lengst komin, riv den med seg som er minst komin; endelaust fell dei.

Upp ser eg skride ei onnor ferd. Herkjempur er dei inkje, men upp sviv dei, stig paa aksline og lyfter kvarandre upp yvir ufsine. Lette som fjørir tykkjest dei vera, for upp gjeng det, i endelause flokkar.

Eg blandar meg med flokken. Dei hjelper meg upp, endaa eg inkje vil. Men yvir muren vil eg inkje hava hjelp, hol vil eg brjote, min eigin veg vil eg gjera.

Lite munar det; daa stig eg upp i eit tre og ser inn yvir. So fagert hev eg aldri set, augo blindest av ljoshave, men all annan stad tykkjest eg det er myrker.

Daa høyrer eg ei røyst so mild: stig ned av treet, so skal eg koma til deg.

Nei; slik hjelp tek eg inkje imot.

Eg vil inkje *faa*, fekk eg det aldri so fritt — skulde eg daa vilja tigge meg fram?

Stride vil eg; det einast eig ein som ein sjølv hev vunni. Striden er halve eigni.

Digitized by Google

Stride vil eg med deg, du øgjelege, stride meg til retten, og det skal du unne meg. Inkje skal du draga deg undan, fordi eg er eit menneskje og tykkjest vesal i dine augo.

Ein guddomsgneiste hev vel eg med i bringa.

Lat meg tapa, lat meg døy, men kjempe vil eg, i holmgang med deg; rett vil eg hava, inkje mot offer, inkje mot bøn. Hev du skapt meg som din son, so stengjer du inkje att dørane og let meg stande ute i myrkret og berre sjaa det lyse i skyi.

Hadde eg berre magti som eg hev viljen!

Eg dyl det inkje. Vondt vil eg valde deg.

Du vilde styre yvir meg! Din vilje skulde raade!

Nei, sjølv vil eg styre min veg. Min eigin vilje skal raade.

Kongen vil eg vera i mannaheim og eige han for meg sjølv.

Tyning skal eg gjera likso godt som du. Du brukte vatn. Eg bruker eld. Eld og globeitte sverd. Og ord bruker eg. For ord er kvasse som sverd. Og gull bruker eg. For gull brenn heitare enn eld.

*

Digitized by Google

«Kven er den bleike naaen som sit spottar og lær?»

«Eg lær av dei runir eg ser.»

«Kva slag runir?»

«Uheils-runir.»

«Yvir kven?»

«Yvir den øgjelege.»

«Seg fram kva du ser og finn!»

«So høyr daa mi bøn til den allvise. Fritt eg lærer ho til deg:

Er du nøgd med ditt verk?
Du tykkjer vel inkje det berre er herk?
Dei segjer at du sa,
daa ferdig du var
at det alt saman var hosta bra.

•

Men eg tenkjer naar du sant skal meg svara,
at gleda inkje alltid mun vara.
Ser du etter i saumom,
det er inkje som det i draumom
sveiv blenkjande fyri din hug.
Du var inkje mannen med rette dug,
som slikt det kunde smide og slaa
som du det med hugsyni saag.

•

Legg eg øyra paa marki og lyder,
so høyrer eg mangt som visseleg tyder,
at maskinverket mangein gong klikkar,
kor godt enn so smaahjuli tikkar.
Ver ei stød paa at inkje han bikkar

Digitized by Google

god-baaten og maskinen vert sprengd,
og heile ferdsli med ein gong vert stengd.
Berre ein jordaas fær til aa hitne,
fyrr du veit ordet, det heile kan slitne,
og til veggs det spring i tusund bitar,
daa er det faafengt du loddar og nitar.

•

Ja, vel er det sant at det endaa held,
men uvisst aa vita, naar ein gong mot kveld
soli brenn ut som ljos i ein stake,
og att vert berre det osande raket,
daa skal det spyrjast um pris du fær
av folki som endaa paa jordi er.
Kann hende dei daa stend spottar og lær
og segjer at laak var di heile gjerd.

•

Lat det so vera at godt var det gjort,
godt sett i saman med smaat og stortt;
so mangein urmakar som derpaa legg agt
gjev og ei aattedags-klokke slik magt,
at stort og smaatt til saman mun verke
so hjuli gjeng, naar snorin' er sterke.
Og eit tusundaars-ur er'kje verre for deg
enn ei aattedags-klokke er det for meg,
naar alle slag emne ein hev som du
og dertil paa sjølve seg hev slik tru.

•

Ja, so lengi du sjølv fær sveivi draga;
men annleis det vert naar kvar ein skal laga
og stelle og skipa som sjølv han vil,
daa trur eg det at du kann faa tvil.

•

Digitized by Google

Eit menneskje skulde vera so fritt
og heilt vera skapt etter bilætet ditt;
der turfte du sjølv inkje sveivi draga,
kvar skulde sin eigin maksel laga.

•

Aa jau, det vart greidur, aa jau det vart leik!
Det var inkje lengi fyrr burt dei veik,
og til Vaarherre dei lyfte paa hatten,
kjende seg meir skyld med apekatten.

•

Og daa du tok i so kvast eit ord:
dei fekk inkje sitja meir ved ditt bord.
Paa porten hivde du kvar og ein
og slengde deim burt millom aur og stein,
og bad deim sjølve stræve for føda;
vilde dei eta, laut dei sanke i løda.

•

Aa, inkje lenger du skal oss skræme,
me hev daa fengi sopas eit næme
at me skynar vel du mykje hev styrdna,
og nedyvir gjeng det kvar dag med din vyrdnad.
Me høyrer det vel at haast vert ditt maal,
men agta deg no: me hev eld og staal.

•

Vaagelegt var det sanneleg gjort
at du skapte menneskja inkje stort
ringare enn du sjølv var laga;
fylgjur det kjem til etter seg draga.
Sannast skal det som ein gong er sagt
at eig me viljen so fær me nok magt.
Naar hugen vaar retteleg kjem i brand,
me urædde møter deg mann mot mann.

Digitized by Google

Me kryp inkje lenger som rædde ormar,
i morgon dag me himilen stormar.
Gjenom lufti me flyg paa lette vengir,
faafengt det er at du borgi stengjer.
Me vyrder inkje meir dine tome ord,
i morgon dag vil me sitja ved ditt bord!»

«Kven er den mannen som talar so?»

«Ein som er kunnig i mangt. Ein som vil tene deg og gjeva deg gode raadir.»

«Ja, ein som vil herme mine tankar og dele mi ære og sidan hæde og læ. Nei takk, sjølvhjelpt er best. Mine eigne raadir fylgjer eg. Aaleine maa eg føre min strid.»

«Kva heiter du mann?»

«Løgji er namnet mitt. Logi segjer mange det er, men lyde maa dei alle mine raadir, og du gjer det med. Som ein gneist sprett eg inn i kvarmanns hug og vert til ein loge som brenner alt svart.»

«Far din veg, fark! Og kom meg inkje meir for augom!»

*

So dette meinte han. Eg skulde vera ein atterljom av hans tankar, min veg gange etter hans rettleiding?

Kvar er han helst? Eit sverdhogg skal vera løni for slik skamleg ferd. Kvar er han?

Utor augsyni er han kvorvin.

*

Digitized by Google

Eg manar deg ut, du øgjelege. Til einvig manar eg deg ut. Møt eit menneskje, so vil me avlen røyne. Kann hende det er inkje so vesalt som du trur.

Kom fram! no vil eg sigre eller døy.

*

Haa! Er det paa den maaten du stig fram? Fer snikvegir, kastar sjukdom paa meg og bind meg paa sotte-lega?

Men eg er seigare enn du trur. For eg hev nykilen som løyser fraa sjukdom og sott: eg hev viljen til livet.

Og tidi hev eg fyri meg. Gamal skal eg verte. Tome for tome skal du faa slite livet av meg. Eg gjev meg inkje so braatt.

*

Eller meiner du aa skræme meg ved aa skrive upp lange syndelistur?

Eg skal fulla svara for det eg hev gjort med blanke eggjar. Det er magti som raader.

Berre vent til eg stormar dine borgir. Daa knasar eg sund alle morkna lovtavlur og mel deim til mjøl. Og min vilje skal vera lov.

*

Nei ærlegt spel! Mann mot mann, andlit mot andlit! Eg løyner meg inkje undan.

Du slær meg med armod. Lite hjelper deg dette. Nye rikdomar eig verdi, mine skal dei verte.

*

Digitized by Google

Forbanna! Stygg aatferd bruker du. Min einaste son tok du burt fraa meg, løynde deg innpaa han, lagde sjukdoms-snara um halsen hans og rykte han burt beint fyri augo mine.

Men meg skal du inkje knase. Sønir fær eg att. Her vantar inkje paa deim som vil vera mødrar.

Forbanna vere du, um du inkje møter meg mann mot mann, andlit mot andlit.

*

Han hev svara meg. Sagt meg hev han at ein gong vil han møte meg mann mot mann og at eg skal faa sjaa hans andlit.

Eg er inkje rædd, eg tarv inkje skjelve i kneom, eg skal vente hugheil.

Men naar? naar?

Einast difor vert eg skjelvande, fordi eg inkje veit naar.

*

Eg kjenner handi di fatar kringum meg naar eg søv. Eg ser fingrane dine skriv uheils-runir paa veggen.

Eg merkar augo dine ligg og glyrer burtum alle fjellkantar og djupt inne i svarte skogar.

Det var inkje so meiningi.

Slaa hjelmen upp! Lat meg sjaa deg som du er. Eg likar inkje blindt spel.

*

Digitized by Google

Einsam gjeng eg og leitar, der eg tykkjest sjaa skuggen din eller høyre ljomen av ditt maal.

Ein gong trudde eg at eg saag deg koma med glimande hjelm ridande beint imot meg. Men det var soli som spratt paa tind.

Uti skogen sat ein litin gut og gret. Eg tok han paa armen og spurde kvar han aatte heime.

«I den minste hytta du finn.»

Daa eg kom til skogkanten, fann eg ei ørliti stogu. Eg sette han paa svilli og gjekk.

Men daa eg saag meg um, var hytta og guten burte.

*

Um natti rid eg ut paa svarte hesten og vitjar valen. Alt dette manna-blod er ofra til meg.

Som ein gud er eg sterk; og tynar er eg jamgod med deg.

Og um folk yler, so græt eg inkje. Hardhug eig eg som du.

Logar leikar rundt ikring himilen. Byar og torp er i brand. Alle fæler, alle rømer.

Ein gud er eg i sanning.

*

«Kven gjeng so einsam um natti? Er du inkje rædd? Ser du inkje kven eg er? Spring! Eller den svarte hesten traakkar deg ned!»

Eit kvende!

Aa haa! Ei mor leitar etter sonen sin millom dei fallne.

Digitized by Google

«Er han inkje fallin? Er det liv i han endaa? Ynsk aldri liv i den særde!»

Best eg gjev han daude-styngen.

Berre inkje den ulidande graaten. Kvende-graat er verste ljod eg høyrer.

Ingin ser meg, kvendet kjenner meg inkje. Eg hjelper heller den særde mannen upp paa hesten. Kvendegraat øyder nattesvevnen.

Dei rid burt.

«Kven er du?»

«Maria?»

«Kven er den særde mannen?»

«Min fyrstefødde son. Han vart saara av deg.»

Maria sin fyrstefødde son? Og eg hjelpte han paa min eigin hest. No er dei alt burte.

Kor veik eg var. Tvi, kor eg var veik.

Eg set etter deim med mange folk og spør upp vegen dei hev fari.

Fram, fram! Det gjeld aa naa deim att.

Kvi stanar De?

Aa rædde folk! Torer De inkje fara fram, um eit krusifiks stend ved vegen?

Det lyser, segjer De.

Eg skal sløkkje ljoset. Eg er inkje rædd for aa hogge det ned. Eg veit fulla raad.

Eg gjeng innaat, men snur meg, naar eg kjem nær og høgg det ned med sverdet bak ryggen.

Det myrkna for augo. Og daa eg snudde meg, laag bilætet i knas. Men alt folket rømde fraa meg. Eg var aaleine.

Digitized by Google

Ja, det lyste!

Og endaa ser eg lysande krossar i myrkret, kvar eg vender augo. Hjorten som kom imot meg hadde ein straalande kross millom horni. Eg vart magtstolin og kunde inkje taka sikte. Det var som eg miste sans og samling.

Daa eg kom til meg sjølv att, stod det ein ung mann ved sida mi og gav meg kjeldevatn aa drikke. Han hadde band um panna som han var saara.

«Kven er du?»

«Ein som vil tene deg.»

«Kvar eig du heime?»

«Eg hev inkje tak yvir hovud eller mat for min munn.»

Han hjelpte meg paa hesten og gjekk fyri meg ut av skogen, til me kom paa veg. Sidan gjekk han etter meg.

Og han veik inkje fraa mi side etter denne dagen.

Digitized by Google

Digitized by Google

ANDRE BOLKEN

ALRUNIR

Digitized by Google

Digitized by Google

A. Brigde.

I. Drengen.

Underlegt er det med det saaret som aldri vil gro.

Godt er det korso, det maa minne han jamt um at han er her-tekin, so han lyt vera mjuk og lydug.

Eg likar han i røyndi. Han hev tenar-tekkje. Her hev han det godt, han hev grunn til aa vera takksam.

Trugin er han og utan svik. Paa min bate tenkjer han jamt, alt mitt legg eg trygt i hendane hans. Det finst inkje vondt i han.

Lite ansande tykkjest han vera med det same du ser han. Men gjev du vel gaum, vert det noko reint og fagert i andlitet hans.

*

Eg hadde inkje set han naar han sov.

Men ei natt kom eg gjenom stogo der han laag. Eg stokk attende; det var som det lyste

Digitized by Google

av andlitet. So fager hev eg aldri set ei menneskje.

Eg hadde inkje hug til aa vekkje og beda um det eg vilde, men gjekk stillt inn til meg sjølv att. Um morgonen skyna eg at eg maatte hava drøymt.

Sidan stod det jamt fyri meg i draum det sovande andlitet med ljosglans um hovud. Den draumen kunde eg aldri verte kvitt.

Verst er det at slikt kjem det ogso stundom for meg um dagen. Naar eg stirer paa han, lyt eg tenkje paa den glansen eg tykkjest hava set i draum. Og eg blygjest reint ved aa vera for streng. Men det trengst inkje heller; for like mjuk er han, korleis so eg er.

Eg fær mest som ein age i meg. Eg skjemmest um eg set i for hardt. Eg kjem oftare til aa spyrja enn til aa bjode. Eg kjem til aa fara aat meir som det var ein ven enn ein tenar.

Men um natti torer eg inkje sjaa han meir. Set at det var ingin draum, men at det verkeleg var eit ljos som straala um han. Eg veit at det er inkje mogelegt. Men likevel ber eg paa ein støkk, som aldri vil sleppe meg. Trygg er eg inkje lenger paa meg sjølv.

*

Han talar inkje mykje. Berre naar eg spør han um eitkvart. Og daa gjev han meg vise raadir.

Lenger og lenger vert me daa sitjande saman; og eg lyder med han talar, lyder som i draum.

Digitized by Google

Stundom naar eg spurde, svara han inkje paa lengi. Og daa berre dette:

«Du vil faa svar. Fylg den som deg skal leide!»

Daa var det fyrst eg spurde kva namn han bar. Han sagde:

«Du kann kalle meg Solbjart, Ljos eller Loge. Som ein gneist sprett eg inn i kvar manns hug og vert til ein eld som gjer allting bjart.«

*

Det var som svevnen kjøvde alle lemir og helt meg nede med magt den natti som eg aldri gløymer, daa du stod fyri sengi og bad meg liva vel.

Daa kjende eg deg.

Tenaren min hadde du vori, men no fyrst saag eg fullvel at du var ingin tenar lik.

Glimen som fløymde kringum ditt hovud var ingin tenarham, himilglans var det; kongeleg vyrdnad hadde du, ja straalande var du som himilkongen sjølv.

Hjarta mitt skjelv av age og otte men ogso av usegjeleg fagnad, naar eg minnest dei ordi som du daa tala til meg:

«Ein glytt fekk du sjaa inn i Guds løyndomar.

Stridi hev du med den øgjelege, og siger hev du vunni. Du vart den sterkaste. Din vilje raadde.

Tvinga hev du den megtuge til aa stige ned paa jord og verte menneskja lik. Inkje med det gode hev du verka dette, men med vondt, med harm og traass og hard vilje.

Digitized by Google

For di skuld kom han og let seg bera som eit hjelpelaust barn. For di skuld sveiv han som ein stakar utan heim, utan vern. For di skuld vart han saara, so blodet rann. Hans liv var i di hand.

Til ein tenar for den minste paa jord tvinga du han som er herre i Himil-salom.

Stridi hev du og vunni. Men dette skal du vita: *det høgste i Himilen er aa tena den minste paa jord, aa elske den varmt som hatar ein kaldt, aa vera seg sjølv ved aa liva for andre.*

Set meg hev du. Eg var barnet som gret, den særde som du hjelpte paa hesten, vandringsmannen, som inkje hadde tak yvir hovud og mat i munn. Eg er kjempa som du hev vunni yvir.

Stridi hev du og vunni. Til din tenar hev du gjort meg for æveleg tid. Dermed vart eg din ven og din fyrigangsmann som bur vegen for deg og fylgjer deg med velsigning alle dine livs dagar.»

*

Ja vunni hev eg. Sjølven yver allt laut sige i kne for min sterke vilje.

Den største er eg. Den øgjelege hev vorti min tenar.

Ein tenar vart han for den største paa jord.

Var det inkje so at ordi lydde?

Nei ordi lydde: «for den minste paa jord.» Den minste paa jord?

Digitized by Google

Meinte han meg? Er det daa inkje den største som hev vunni?

Eller er eg den minste? Eg den minste? Eg den minste paa jord?

Og hev likevel himil-drotnen til min tenar?

Eller kanskje nettupp difor?

*

Alt sviv rundt for meg. Alt gjeng sund for meg. Alt vert svart for meg. All min stordom fell som ein falke. All brikna mi brest. Eg er avskrøyvd som ein fjørlaus fugl.

Det er som eg datt ned fraa store høgdir. Grunnlaget som eg stod paa gav seg og ramla ned, det var lause melar. Og eg dett og dett fraa ufs til ufs. Eg fell ustanseleg, gjenom luft og laag og endelause audnir, nedfor braae djuv, gjenom tronge brunnar.

Eg sig og sig gjenom botnlause myrar.

Eg søkk og søkk til havsens laagaste grunnar, til myrkheims svartaste holur.

«Aa, Herre min Gud! Rekk meg ei hjelpande hand. Du vilde tene den minste paa jord. Det er eg, det er eg!»

Daa vart eg var eit blankt auga, som saag ned i den myrke brunnen.

Som ein solstraale kom det med ljos og trøyst for mi sjæl.

*

Digitized by Google

Hel sine reip laag um halsen paa meg. Kaldbaara gjekk yvir hovudet mitt. Liv og ande kjøvdest i bringa mi.

Daa kom han som vilde vera min tenar og drog meg upp fraa daudsens djuv. Han gav meg styrke-drykken og planta meg paa jord att.

Paa nytt tok eg til aa livne; paa nytt tok eg til aa vekse; paa nytt tok eg til aa lauvast som ei bjørk um vaaren.

Digitized by Google

II. Hugvending.

Eit under hev hendt meg.

Sidan eg vann yvir deg, vart eg sjølv ein annan. Det er som um *din* haatt og hug hev gjengi meg sjølv i blodet og vorti min eigin haatt og hug. Livet mitt er som umsnutt. Hugen er som ny.

Dauvlegt tykkjest meg mangt som fyrr var meg kjært, og eg legg elsk paa slikt som eg hev mismætt. Det store vart smaatt, og det smaae vart stort for augo mine.

Eit av ordi dine er det serleg som renn meg for hugen:

«Gjerningane skal fylgje deim.»

Men daa fæler eg og løyner mitt hovud. For eg er inkje god.

Paa meg sjølv tenkjer eg mest, og gamle vanar hev velde yvir meg. Lite hev eg lati upp mitt hjarta for andre.

Men eit under hev hendt meg. Di aand sviv her endaa.

Naar dine augo kviler paa meg, daa tykkjest eg vera eit betre menneskje.

Digitized by Google

Det er som det kom ein solstraale gjenom stogo. Og alt eg gjer tykkjest gildt.

Men naar du er burte, daa er det svarte skoddi. Ilt tenkjer eg um andre, og motlaus vert eg.

Eit under hev hendt, naar eg kann standast for augo dine, for eg veit det, eg kjenner det, dei ser meg tvert gjenom sjæli. Men du dreg meg, du dreg meg, du dreg meg. Røme kann eg inkje, endaa eg tenkte eg laut braane som vaks for elden som brenn i deg. Eit band held meg fast. Og ei laug fer yvir meg, ein ljosglans fyller alt ikring meg, armt vert rikt og fatikt vert fagert.

Eg tenkjer inkje, eg veit inkje, anna naar du kjem paa min veg, daa spring eg i dine armar. Naar ditt maal ljodar, er alle tvilar burte, berre deg høyrer eg og ser eg, all verdi er du for meg, eg er di utstraaling.

Digitized by Google

III. Nytt liv.

1. Trui.

Naar eg kjenner Guds kjærleik i mitt hjarta, naar hans naade fløymer yvir meg og gjer livet ljost som ein vaardag —

skulde eg daa negte hans namn?

Naar det er Guds lov som eg hev mine unir i, og hans ord magnar min hug med djerve tankar —

skulde eg daa halde han for ei varavon aat vesalmenne?

Naar eg kjenner aandi megtug i mi sjæl, og ho lyfter meg paa sterke vengir —

skulde det daa skilja meg um folk sae eg gjekk i draum?

Naar eg kjenner eit æveleg livs kraft rører seg i meg —

skulde daa nokon faa meg til aa tru at døen var sterkare?

*

Digitized by Google

Bleikne gjer grunnar og prov.

Bygg eit taarn til himils! Mura upp di sterke festning, planta der alle dine kanonar —

Døyv trui —

det er faafengt som aa meinke soli i aa skine. Det er faafengt som aa kjøve dei angande blomar i skogen.

2. Livsens meining.

Livsens meining hev eg lært: rett aa njote livet.

Aa njote livet er aa elske det. Aa elske livet er aa liva det. Aa liva er aa gjeva sitt liv.

Me høyrer og me ser livet ikring oss, men dette er inkje aa liva.

Soli ho skin — lat skine!

Regnet det fløymer, og vinden han blæs — lat blaase!

Menneskja elskar og hatar meg, skrepper og skrøyter, dømer og avdømer, lyg og lastar — lat laste!

*

Men den gneisten i eigin barm, som lyser og gløder, som bivrar og didrar og skjelv i si fylle,

den hugen, som leikar og sviv som fivreld paa eng, som speglar seg i fjord og fjell og angande blom, som tonar og kling i heimsens spel av leik og lengt og sut og sorg, som høyrer att sitt

Digitized by Google

hjarteslag i toreslaatt, i vindens drag, i fugleljod og i dei mjuke taarebønir upp imot Gud —

— den agalause giren til aa gjeva og gjeva og aldri verte tom, liksom bekken straar skomet ut yvir ufsine, og geislane giddar millom sylvstrengir og glimande vatsperlur, rikare paa kjærleik enn trei paa ber og blomane paa litir —

det draget i deg som traar og traar, som gjev deg maal etter maal i syne, og du vinn og aldri taper, ja du vinn og aldri taper, med du lyftest paa ørnevengir yvir alle heimar —

den kraft som aukar og aldri minkar, stig fram og legg jordi under sitt velde,

dette er livet.

Aa eige det er all rikdom paa jord.

*

Sjaa livet ovrar seg som ein blom um vaaren, sjaa det stig fram straalande som soli paa himilen.

Sjaa han sit megtug som ein konge paa trona si. Hans herlegdom lyser og glimer yvir all heimen.

Digitized by Google

IV. Sæle.

1. Tvo flokkar.

Dei gange sin veg,
dei leggje si raad,
dei sit og spottar mot Gud.

•

Sæl er kvar den,
som inkje mun
med syndarom stande,
med gudløysur halde sitt lag.

Han hev sine unir
i Herrens lov,
han sit og grunar
i Herrens lov
baade dag og natt.

Han stend som eit tre
paa grøne eng,
der bladi aldri bleiknar,
der frukti aldri veiknar,
og all si gjerning hev han mun i.

Salme 1.

Digitized by Google

Inkje skal soleis
dei gudlause stande;
som agnir dei fyk,
naar vinden han blæs.

Inkje for domen
skal gudlausen stande;
inkje med Guds folk
skal syndaren bu.

•

Herren fulla kjenner
rettferds flokk.
Men vegen til syndarom
endar so braatt.

2. *Hjuringen.*

Herren er hjuringen min,
eg hev ingi naud.
Han kveikjer mi sjæl
med rettferds braud.
Til kjeldune stille
han syner meg veg.
Paa engjane grøne
der svæver han meg.

Skal eg au ferdast
paa skume-heid,
eg tarv inkje endaa
koma av leid.
For du stydjer attaat

Salme 23.

Digitized by Google

med staven sterk;
du hjelper meg gjenom
all vaade og verk.

Ditt bordet du dukar,
fienden stukar
og kvider so illt.
Du salvar mitt hovud
og skjenkjer i vin,
meg steller og skipar
som veslegut din.
Og alle mine dagar
du hyggjer og hagar
so ljuvleg og lint
og vøler umkring meg
med godleiken din.

Digitized by Google

B. Visdom.

I. Hugtraa.

Eitt traar eg. Eitt haattar eg: visdom i hugen.

Visdomen agtar eg høgre enn kongeleg vyrdnad. Korkje magt eller rikdom er noko imot den. Sylv vert som saur, gull vert som sand, ingin glimestein i verdi glansar som visdomen.

Heller vilde eg vera utan dagsens ljos og soli den bjarte. For visdomen straalar meir enn soli, han skin blankare enn den fagraste stjerna. Soli glader og stjernune kverv, men visdomen kverv aldri burt.

Visdomen er ein avglans av det evige ljoset, ei klaar utstraaling av brikna til den høgste, ein spegil av Gud og alt hans verk.

Og dette er den møyi som eg leita etter, fraa di eg var ung. Lengi eg leita, men andre eg fann. Mangein gong eg tenkte: no er ho funni

---

Sjaa Salomos ordtak og apokryfiske skriftir i bibelen.

Digitized by Google

den rette. Men det var inkje den rette, ho som eg hadde leita etter. For den rette det var du. Du er den eg hev elska i min ungdom.

Eg visste det vel eg fekk inkje fred, fyrr eg deg hadde funni.

Digitized by Google

II. Solfjell.

Sjaa det lyser ein eld paa eit høgt berg. Og midt inni eldringen der er det ho kviler.

Mod maa den hava som skal eldringen brjote og vekkje ho som søv. Men støkk inkje den fagre, daa sviv ho fraa deg som ein fugl paa lette vengir. Og elden brenner deg upp.

Lengi var det, fyrr eg vart var den heilage elden; ei stjerne tenkte eg det var. Men eg undrast yvir denne stjerna som aldri gjekk ned. Daa reid eg imot ho, lengstom og lengi. Og ho lyste for min veg, yvir skume heid og myrke skogar.

Daa sat der eit kvende ved min veg.

Sløret slo ho upp, og eg saag inn i ljuvaste augo. Standande vart eg og kunde inkje sanse. Daarande augo drog all min hug.

Ho reiste seg og sae: «Lengi hev eg venta paa deg. Eg visste du kom paa mi leid.»

Og ho gjekk imot meg, slo hendane ikring halsen og kysste meg:

«Kom, natti er sval, millom rosur er lægje mitt reidt for min elskar, som eg venta so lengi. Mitt

Digitized by Google

vin er svalt, mi frukt er søt. Sjaa, her gjeng vaar veg!»

Kva var det som lyste millom buskom?

Det var inkje mi stjerne.

Som glødar det lyste, tvo blanke glødar i myrkret.

Ein fugl skvatt upp, og eit ljos kom fraa himlen i same stundi, og eg saag ein orm lyfte sitt hovud inne millom buskom og gløste med graaduge augo.

Men fuglen kvitra og song:

«Stoli vin er søtt, ljuv er løynd frukt. Lygnord gjer hugen ør. Hel slengjer sine reip som eitrande ormar og sankar gjestir til sitt hus.»

Daa eg saag upp var kvendet kvorvi. Men *mi* stjerne lyste.

*

Eg kom til Solfjell, og eg kleiv upp berget.

Di brattare det vart, di lettare vart eg. Upp kom eg.

Daa saag eg at eldringen var logande sverd.

Eg vaaga spranget, beint gjenom elden. Sverdi veik til side, elden skadde meg inkje.

Eg stod som midt i ei ljos sky, med regnbogar spela paa alle sidur.

Der var ein fager lund. I midten stod eit lysande stortre.

Still eg stod. Eg tenkte ved meg sjølv: «Vekk inkje den sovande, fyrr sjølv ho vaknar.»

Digitized by Google

Det gjekk linne rørslur som harpebrus gjenom lunden. Ternur gleid fram, dei ropa til alle leidir:

«Soleis talar den som raader:

Den som er einfengd i hugen, hit kome han!

Ete av braudet mitt; drikke av vinet eg hev blanda!

Plukke av alda mi og njote! Ho er friskare enn druva, søtare enn honing.

Ingin kann taka det, ingin kann kjøpe det Men kvar den som bed, han fær. For kvar den som trur vert det lati upp.»

Mine hendar folla seg til bøn, og eg fall paa marki.

«Eg trur og eg bed av heile min hug.»

*

Daa eg saag upp, flaug det ein fugl fram or det lysande treet, straalande som morgonsoli.

Fuglen dala ned og vart til ei møy som stod ved sida mi. Og ho tala til meg:

Digitized by Google

III. Attersyn.

«Eldst eg er av alle paa jord. Eldre enn nokon veit. Eldre enn nokon trur.

Eldre eg er enn all manna-ætt. Den heilage stundi, daa manna-ætti vart fødd, den minnest eg vel.

Ja vel eg minnest koss jordi vart lyft upp or hav som eit nyfødt barn or si fyrste laug og sveipt i klutar. Med smilande augo ikring seg ho saag den vaardagen fyrste.

Eg vel kjem i hug koss grunnen vart gravin av rennande vatn, koss haugar vart svarva og slettur knødde som ein deig. Korleis fjell spratt upp og vart hogde til rettes og mura til vers og fila og flidde av aur og is. Og mjøl vart mali av berg og fjell, og mold og matjord vart laga for heimsens lydar.

Vel eg veit koss sjøar vart hola ut og fjordar demde med hage hendar. Og skog vart planta og gras vart saatt.

Meir eg veit. Lenger eg minnest. Daa kløyvde dei vart dei vaate mugur som laag som eit æsande havdjup. Daa saud dei og spruta med dun og

Digitized by Google

brak alle heimsens kreftir. Ingin visste noko, alle venta paa den skapande handi, paa det bjodande orde, som skulde skipa, som skulde løyse, som skulde binde agalause risar. Og maal vart lagde, grensur sette.

Meir eg veit. Lenger eg minnest.

Upphavstidi, som ingin mann saag, daa inkje var. Inkje sol eller stjernur.

Men eg var. Eg var. Eg og den høgste. Hugen hans var eg, som allstødt leika, allstødt leika til hugnad for honom. Fraa ævords tid. Fraa ævord og til doms.

Fraa hans munn fór eg ut som ei lysande sky yvir alle heimar, yvir alle *vertande* heimar. Den stundi dei skulde fødast, ved mi hjelp vart dei fødde.

Og eigur fekk eg og heimstad paa kvart eit sollyst fjell. Og kvart eit folk paa den heile jord kann fulla meg finne og tyde mine runir og lyde paa mine raadir.

Rettferdsstigen gjeng eg. Og rikdom gjev eg til alle som meg elskar.

Men faae var dei som øygde min glans, som hadde øyro til aa høyre mitt maal.

Kvar helst eg sveiv baade høgt og laagt, so var det *ein* stad berre at nokre tok til skila, nokre tok til lyde.

Der reiste eg mitt tjeld paa solfjell.

Der feste eg rot som eit tre og breidde ut mine greinar til alle heimsens endar. Kunnskaps-

Digitized by Google

treet som i hagen rann. Mi krune naadde til himils og mine røtar til det nedste djupet.

Tri kjeldur rann upp or mi rot, tri fagraste møyar, tri storelvar vart dei. Og dei er det som vatna jordi og frævde kvar manns hage. Livsens lagnad gav dei mannaheimen og lærdom til folki.

Kome alle som er tyste, drikke av kjelda.

Kome alle som er svoltne, ete mitt braud og take av alda.

Gullepli mine heng inkje for høgt for den som er ute i otta og gjeng dit som morgonskyi leikar.»

Digitized by Google

IV. Gull-eple.

Kloke mann som mykje veit,
visdom i hugen gøymer.
Daarleg mann som lite veit
han kann 'kje si tunge tøyme.

Binna er fulla vond aa sjaa,
naar ho hev mist sine ungar.
Daaren tykkjest meg verr' endaa,
han talar med tome tunga.

Hovdings haus og hardan haus
du kann med tolsemd vinne.
Tunga ho bryt berg og bein
med hjarte-ord og linne.

Gapen gjenge paa hallar-golv
han gamsar med kaate munnar;
men det svid daa saart det skjemtar-ord
i innaste hjarte-grunnar.

Den som liter paa gods og gull
skal ende med sorg og kvide.
Men den som gjenge paa rettferds veg
skal bløme som lauv under lide.

Digitized by Google

Kvende-fridd og vene lit
det mun so braaleg bleikne.
Men naar Herren i hugen bur,
daa tarv inkje frægdi veikne.

Det er deigle for sylvet
og omn for gullet det reine,
Men den som røyner hjarto vaare
det er Herren aaleine.

Daude-heimen og svarte djuv
kann seg for Gud inkje løyne.
Manna-hugen leikar i kring,
den mun han daa fullvel røyne.

Fridd, venleik. — *Frægd*, ære.

Digitized by Google

C. Livsens lov.

I. Utferd.

Etter den tidi var det meir enn ein gong det hende, at um natti kom det ein fugl med lette vengir og slo paa ruta. «Fylg meg,» lyddest det for øyrom.

Og hugen min gjordest lett og fór i fylgje med fuglen paa langferd rundt alle heimar. Der fuglen flaug fyri, sveiv hugen etter. Fylgje laut eg kvar visdomsfuglen flaug.

Og eg vart lyft høgt upp yvir sovande jord. Fuglen sae:

> «Med hamen søv, hugen vaker.
> Med kroppen kviler, tankane klaarnar
> som grumsa vatn i ein sjø.

Men den store svevnen er det som De kallar liv, der trøyte sjælir fraa dei evige heimar kviler seg ut til nye sterke tak.»

Fuglen synte meg ein lund, der det gjekk ymse dyr. Han peika paa ein stor bjørn og sae: «der er hamen din som du vanleg hev fari i paa jordi.»

Digitized by Google

Fleire dyr saag eg i lunden; der var ørn og der var erle, men ulvar saag eg inkje.

Um eit bil spurde fuglen meg kva eg saag. Eg svara:

«Under meg ser eg djupe dalar og lidar og fjell.»

Lenger sveiv fuglen.

Daa saag eg inge dalar, berre ei stor audn, ei flat fjellmark dekkjande alt som hadde liv.

Og eg spurde um det berre var flate kalde audni som vart att, naar dagdraumen glepp.

Men der me kom endaa høgre, saag eg berre skyheimar under meg. Alt det smaae kvarv burt, berre det store synte seg. Men det smaae vart stort, og det store vart smaatt i augo mine.

Digitized by Google

II. Livs-ovring.

Eg saag ut yvir eit endelaust sky-hav og høyrde kor det brusa og saud yvir alle audnir.

Daa kom det ein fram med ein lur i handi. Han sette luren for munnen og bles ein lang, rein tone.

Og fraa heile dette havet svara det med ymjing og oming. Dirrande straalar skreid burtetter. Det vart ei sterk rørsle, som um ei hand reiv og ruska, hivde i hop og slengde sund. Til slutten vart det jamne baaredrag, som rulla mot ei viss leid. Ein grunne skilde seg ut midt i havet. Der stod føykja som ein kvervil. Tallause sandkorn sveiv rundt og dala ned side um side, alle like store og like fine, som um dei var valde og vanda med maal og med vegt.

Og sandgrunnen krulla seg saman til ein fast klump og sveiv fritt i himil-rømdi.

Eg spurde:

«Er det heile verdi du syner meg i si verting?»

Fylgja mi svara:

«Dette er berre alt livande livs einfengde grunn-

Digitized by Google

form, der kreftine i naturen fyrste gongen maa lyde høgre bod, maa gjeva upp striden seg imillom og samle seg til eining mot visse maal: ein livande organisme. Villskapen er tamd, alle delar maa verke i hop til sams bate.

Men den vesle cellen ruvde som ein heil klote med fast land og med hav stormande med store baarur fraa strand til strand. Og der urde av liv og spelande kreftir.

Daa saag eg ei styrande hand tok til aa skipa og styre dei spelande kreftir og byggje huset tett med sterke veggir. Men dørar opna seg til aa føre vare inn og ut. Og verkstadir vart sette upp, der kvar fekk sitt høvelege arbeid.

Eg saag alle kreftir verksame, og livsens flaum braut seg fram. Hage hendar saag eg samle inn det som gjekk yvir dagsens torv og leggje det til side.

Men snart vart heimen for trong. Unge flokkar samla seg saman og vilde ut og skipa nye rike. Eg saag striden millom nytt og gamalt. Dei gamle vilde inkje sleppa dei unge ut. Desse sprengde paa, drog næring av mor si, men laus vilde dei. Den gamle gav tøyg i det lengste, men dei hine vilde fram, og vaks seg jamstor og jamsterk med mor si. Til slutt var det berre eit band som helt deim i hop. Etter kvart saag eg bandet veikna, og endeleg slitna det med stort brak. Baae helftir sveiv kvar for seg i rømdi som tvo jamstore klotar.

Digitized by Google

Kvar av desse saag eg kløyve seg att. Og alle viddir og djupnir vart fulle av livsens endelause rikdom.

Lengi snur dei kvar for seg i tallaus mengd, njotande sin fridom.

Men snart tek all vokster ei ny leid. Det skilde byrjar paa nytt lag aa nærme seg kvartanna og hava seg ihop. Samlingstanken kjem fram. Inkje i samfengde daude mugur som i den fyrste tidi, men einskilningane sluttar seg saman i fridom, side um side, verjande kvarandre.

Eg saag at dei tok til aa gjera samlag med kvarandre.

Dei sae: kvifor skal me hava kvar vaar gardsveg?

Dei slo seg ihop um *ein* veg for alle. Og dei bygde seg hus i lag under same tak, berre at kvar hadde sitt rom for seg.

Eg saag samfundet tok til aa laga seg med samskiping og organisasjon.

Og dei gav seg ihop i arbeids-lag, sume til aa laga innreide, sume til heimføring det som turftest, sume til utføring det som var brukt og nytta ut. Sume lag tok for seg det som var heimført og arbeidde det ut til høveleg bruk, andre tok det i forvaring, til tidi kom daa det vart spurlag etter vara.

Eg saag det andre store under i naturen, at dei frie einingar gav upp sitt sjølvræde og laga seg etter kvarandre mot større einingar, kvar nyttande si evne og jamnande sitt skap og sitt verk

Digitized by Google

etter store fyrimaal; det dei tapa individuelt vann dei att i samfunds-livet.

Eg saag korleis arbeidsdelingi og samanslutningi spara arbeid og skapte ledig kraft. Kvar var trygg, naar han hadde gjort sitt serlege arbeid og slapp aa ottast for meir. Men denne ledige krafti samla seg um nye og større verk.

Lengi sveiv dei soleis, prøvande seg til i samanslutning utan større maal og med.

*

Men eg saag meir, eg saag at samlingstanken vart berre ein midel i ein større organisasjonsplan.

Eg saag arbeidsdelingi meir og meir gjenomførd. Heile tjodir saag. eg skilja seg ut og slutte seg saman um visse fyrimaal, med di den eine jamna seg etter den andre. Eg saag deim byggje store kanalar fraa djupt ned i jordi og høgt til vers. Sume tok for seg aa vinne næring av jordi og andre av lufti, og kvart lag stelte seg etter sine torvir. Andre skipa seg til verjing mot fiendar.

Og alle eignir og upplag vart bytte etter kvar si torv, mest til den som trengde det best.

Og dei treivst alle og blømde: graset paa engi og trei i skogen.

Men eg undra meg yvir korleis alt kunde gange med slik semju og orden i ein heil plante utan at der nokon var som brukte magt og hardstyre yvir alle ville kreftir.

Digitized by Google

Daa tok fylgja mi og kasta eit lotus-frø paa vatnet og spurde kva eg saag. Eg saag at det steig som ei saft ut fraa frøet og breidde seg ut paa vatsflata. Um eit lite bil kunde eg sjaa ei teikning av eit heilt tre med greinar og blad paa vatnet som i ein spegil. Og eg skyna den løynde organisasjons-tanken som ligg i alt som skal til liv, eit livande prinsip som er drivkrafti og skaparen i kvart individuelt liv.

*

Eg høyrde ein ljod; og etter ljoden krulla dei seg i hop i leikande ringur eller skilde seg sund, flokk etter flokk, og nye organismar vart fødde. Dyr urde og krudde yvir vide verdi.

Ei aand kom fram med ei fløyte i si hand. Ho sette fløyta for munnen og spela, so alle laut lyde, lyde og danse. Slik som det vart spela, slik laut dei leike.

Og ljoden vart til ein slaatt med store, reine, fagre tak.

All naturen skalv under tonevelde. Ei verd var i ovring.

Daa vart menneskja fødd paa jord.

*

Kvilande paa skyir ser eg ned i mannaheimen.

Og kvart menneskje tyktest meg stort som heile jordi. Ja som eit heilt solsystem i rørlse.

Kven er konge i dette rike, kva er det for ei

Digitized by Google

her som held dette systemet ihop, kva er det for ei magt, som styrer denne kloten?

Eg saag ingin konge, eg saag berre ymse prinsip, tankegrunnar, kjenslur og viljar som stundom slo imot kvarandre som baarur i eit hav, stundom laag som ei solblank vatsflate.

Og fram gjekk kvart eit menneskje sin eigin veg.

Mi gode fylgje tala:

«Der er ein hovding.

I kvart eit av desse rike som vert kalla ei menneskje sit der ein hovding, endaa det er ingin som ser han, ofte er det ogso hans eigne som inkje ansar han.

Eller han fær inkje hovdings vyrdnad. Som ein tenar lyt han gange millom sine born. Han vert trælka og tynt og stengd inne i dei myrkaste krokar som i hugen finst. Talar han vert ordi hans døyvde. Byd han noko, vert det uppstyr, so han maa sitja for seg sjølv og graate og beda for sitt liv, han maa løyne seg burt i sitt eigi rike.

Men naar dei vaker i nattestilla, daa kjem han fram, daa talar han. Og dersom han vert høyrd paa, so kjem han ogso fram um dagen. Og lyder dei paa han daa, so tek han veldet og styrer heile verkstaden.

Inkje som ein konge, som ein gud er han for sitt lekem — som den løynde kraft i alt, den kraft som alle lengtar etter aa finna og forstaa.»

*

Digitized by Google

«Men naar fleire menneskje kjem ihop, naar dei vert flokkar, korleis gjeng det daa? Kven skipar samfund? Kven skal styre mugen og leide ville kreftir?»

«Du skal fylgje meg!»

Digitized by Google

III. Tri systrar.

(Likskap, fridom, brorskap.)

Me sveiv til heimsens ytste grensur. Der budde det tri vise systrar.

Dei er det som i all æva hev spela ut yvir verdi ein tri-slungin ljod — undertonar i all vaar song og læte — mannasjælir hev dei vakt til liv og rørsle, kveikt liv i daude bein.

*

Sveipt i blaatt tjeld kom strakst fram den eine. Ho tok til ords:

«Ajei, ajei, kor her ser ut. Dei briskar seg og dei breider seg, og den eine vil framum den andre. Like gjorde Vaarherre alle, men *hans* verk sæter nok inkje for *deim*. Armod og vesaldom flyt ut yvir alle grensur, men rikmannen sit med haugar i alle fat og unner ingin utum seg sjølv. Kara aat seg og svelte dei hine. Rive ihop baade jord og pengar og gods og gull. Arbeidsmann stakar lyt stræve som ein maur. Men hine fær allting til gjevandes. Dei slit seg inkje ut, men

Digitized by Google

skarvord slengjer dei dagen lang aat den som maa træle og bala, for at dei kann verte rike.

Nei proletar! Du maa krevja din rett og gaa paa kvast med kniv som kann bite.

Rive deim ned! Dei er mat-tjuvar alle. Eta dei vil, men aldri noko gjera.

Trø deim i knas! Tyne deim til saman! Take i so hardt, so urettferdi maa skrike.

Hemn yvir dei store byrge bausar! Velte ned murane og trampe paa tufti!

Byggje so eit slott, der alle fær rom og alle kann liva, alle trivast og hava det godt.»

*

Den andre systeri sat og lydde, med den fyrste tala.

No reiser ho seg, kvitklædd, høg og harm.

«Kjære syster,» segjer ho, «no du talar uvits ord.

Vaarherre du tok og i verde med. Han skulde gjort menneski like?

Bruk auga, du blinding, og sjaa deg i kring.

Sjaa furuskogen bak stogo! Ja like er dei alle det bil dei er smaae. Daa dreg dei jamt av luft og av jord. Men naar det lid uti uppvekstret, sume er fljotare enn hine og tek ifraa den som mindre er. For fullt der er, so mange maa tynast, skal inkje alle i nukken staa.

Dei smaae maa torme og tunnast aar for aar og falle ifraa, ein no ein daa. Dei store fangar sol og luft og breider tette greinar yvir dei andre

Digitized by Google

som syp etter luft og døyr ein ynkeleg daude for deim som liva skal og vekse upp til kjempur.

Mannaheimen er lik ein skog, der alt slag mun vekse, einer og taarnris, gran og eik.

Eller er det betre med dei voksterjamne teigar, der alt er saatt av same slag, trei like høge, rekna ut er mengdi for kvart eit maal?

Ja, av trevyrkje fær du nøgdi. Men laus vert veden. Malmtre finst inkje.

Eller som ein hage, der alt er klypt og jamna med soks og spade i lange radir og rette linur?

Friskleiken vert burte.

Skulde likskapen vera det fyrste?

Ovund han er fraa arme sjælir, som inkje toler at andre magnast meir enn dei sjølve.

Men eg segjer: fell det som stort er, gror-rikt og friskt, daa merg og manndom vil tynast paa jord, alt forkomast i vesaldom.

Nei *fridom* er det som livet krev til vokster og sæle.

Fridom for alt som liv er lagji, fridom for den store, fridom for dei smaae.

Sjaa paa trei, sjaa paa dyri, sjaa paa alt som hev liv.

Millom det som ungt er, nyfødt eller nyrunni, du likskap finn ofte so mykin, at snaudt du kann skilja eitt fraa anna. Men i vokstren alt skil seg ut i ham og haatt, sprikjande til kvar sin kant, kvar syg nett det av mor natur som ein mun trenge for sitt eigi liv.

Digitized by Google

Er inkje mannaheimen ogso slik ei verd? Langt er spranget ifraa neger-heilen til den hjartereine tanke-mannen, som seg mun nære meir av Guds ord enn av braud.

Din likskap er som blaae vatnet, som so jamt seg breider yvir alle ting. Men liv og lengsle druknar i flaumen.

Døypast maa alt liv i vatn. Likskap maa det til i denne meining: like vilkaar for kvar ein som til heimen kjem, like rett til aa nære seg og suge kraft av moder-jord og mannaheims rikdom. Det som yvir dette er, det er av det vonde.

Men døypast maa alt i aand og eld.

Og fridom er det vaar-veret som vekkjer daud or dvale og fær lauv og blom til aa sprette fram med fagre litir.»

*

Daa ris ho upp den tridje systeri.

I raud silke er ho sveipt. Sagte skrid ho fram. Saart er mælet:

«Hjarte syster, kor du talar harde ord.

Kaldklaare er dine tankar som ei mai-natt. Som ein isbjørn trampar du i veg. Blodga er dine hendar. Lik er under dine føtar.

Som ein skog er han fridomen din. Som ein skog full av alle slag dyr og fuglar. Der er mus, der er gaupe, der er sporv, der er ørn. Kvar ein er væpna, kvar hev si verje.

Kvar vert so fridomen av?

Digitized by Google

Er det fridom til aa liva? Nei til aa drepa eller verja seg mot draap. Til krig snur seg fridomen din. Ulv og hauk fèr frie umkring, mus og sporv pip ynkelegt i sine holur.

Magthug er fridomen din.

Men naar magthug bryner spjot og mannasløgd lagar gøymslur, tru ørne-kloi daa er kvassare, tru reve-hiet daa er løyndare gravi?

Dyri gjeng i flokkar, kvart slag vil verja sine. Berre ulven reikar einsleg og sparer inkje sin eigin bror. Som ulvar fèr menneskja i kring; tann mot tann, klo mot klo mun dei rivast.

Men no vil *eg* tala; gjeve gaum!

Eg vil opne visdomsboki, dulde kreftir vil eg syne. Den grunnkraft vil eg syne som all ting held uppe som elles laut tynast.

De fann skrivi: «striden for livet»; og ulvehaatten gjekk dykk i blodet.

Men eg fann skrivi i naturen si bok: «samhald i striden». Det er det fyrste vilkaar for liv millom stein og vokstrar, i dyrerike og mannaheim.

Kva er *eitt* sandkorn aaleine? Snart vatnet fløymer det burt. Men naar dei tusundvis samstelte stend dei lagar eit berg som stansar den stridaste straum.

Eit halmstraa som einsamt paa marki stend vil tynast av fuglar og dyr. Men dei mange millionar som dekkjer ein aaker stend som ein herfylking trygt.

Digitized by Google

Ein maur aaleine er veslaste kryp som paa jordi fer; men heile tuva som samstelt stend er ei magt so stor at baade dyr og mann maa vike.

Lat den krafti som i naturen er duld faa skirne i manna-vitet, og De vil faa under aa sjaa.

Er inkje uttenkt vaapen og ambod i manna-heimen tusund gong betre enn dei som er dyri medgjevne? Dersom no menneskja lagde den same umhugen paa aa fremja samhaldsmidlane som dei hev lagt paa aa fremja krigs- og arbeidsmidlane, trur De inkje daa at dei minst vilde koma i jamhøgd med mauren?

— — — —

I heimen er systkjen mange.

Men storebror er inkje leid mot veslen som i vogga ligg og tøygjer ut smaae hendar. Varleg tek han veslen i fang og sullar med han dagen lang.

Syster hev slik toneflaum i bringa. Ingin sturer for dette. Alle hendar hjelper til at ho maa faa ut og temja sitt maal. Ingin syter kostnaden, at ho skal faa meir enn dei andre. Dei segjer: me fær det nok att; det er som ein omn; naar sjølv han vert uppglødd, han vermer dei andre.

Bror hev slik hagleik til fingrane nøyte, grundar paa aa temja vind og vatn, vil so gjerne ut og hegdir lære. Ingin syter kostnaden. Dei segjer: me fær det nok att; det er som eit ljos; naar sjølv det vert kveikt, det lyser for andre.

I skog og mark gjeng gutane, med gjentune steller i huset. Dei byter arbeid som kvar hev hug

Digitized by Google

og evne til. Den sterke maa tyngdi taka og kjenner seg sæl. Den veike slepp undan med lettom og uner vel. Og alle fær nett det dei treng, so langt det mun rekke: av nøgdi flust, av det sjeldfengde den som best det høver.

Kvar er herre i sitt eigi arbeid som ei serskild grein paa det store treet. Men alle greinar fær livsens saft fraa den samfengde straumen som renn lik blodet fraa rot til topp, og kvar ei grein syg næring av ljos og vatn og sumarvarmen og dreg til bøles i moderheimen. Og treet det veks himilhøgt, so stort og sterkt og fagert.

— — — — — —

Som mergen i treet og blodet i kroppen, som brorskaps-bandet i huslydsflokken, som samhengskrafti i berg og stein, som samstelte flokken i skog og paa eng, som fylkings-kyndet i dyrerike — soleis er den samhalds-aandi, som styrer mannaheim.

— — — — — —

Som vatsdropane um vaaren i april maane, dei droplar og dryp baade dag og natt, dei tiner og tærer paa snø og is, og vatnet seg samlar paa alle markir

— so er det med likskap og likskaps menn.

Som maivinden, snart kald snart varm, som turkar marki og susar og skjelv i furutopp men lytt stend smaaskog innunder — — soleis er fridom og fridoms menn.

Digitized by Google

Men junisoli maa renne ein gong med ljos, som er utan skugge, og med varme som naar baade rot og topp, ja seg heilt ned i jorddjupet trengjer. Fraa fjell til fjøru, fraa himil til jord, or løyndoms djuv kjem dei skapande kreftir, som gjev utan maal av ukjend rikdom og under gjer for lengtande flokkar.

Og nye ævur ovrast for heims-lyden!»

*

Men eg spurde mi gode fylgje:

«Kven skal semja desse tri systrane og spela desse ymse hugdrag i hop?»

«Heimsens hovding!»

«Heimsens hovding?»

Og ho svara:

«Granska og tenk!»

*

Eg vil granske og tenkje.

Digitized by Google

IV. Hovding.

Den hovding eg hyller
som veit kva han vil
og paa dette vaagar sitt liv.

Eg høgt den mannen mæter
som manndomen heve
og inkje mun skjelve
for saart samvit,
som inkje mun breste
for bøn av kvendi,
men fram gjeng hugheilt
i heitaste óto,
inkje ser eller haattar
korkje hat eller hemn,
korkje Himil eller Hel.

Han som trakkar i teoriar
og hiver ut systemar,
og løyser fraa lovir,
og seg sjølv set i staden.
Den sterke som segjer:
«Det er *mine* tankar,
det er *mine* raadgjerdir,
det er viljen *min*,
det er *eg* som raader;
mitt *liv* det er *lovi*.
Livsens lov er *eg*.»

Digitized by Google

Ordi hans susar som vind
vidt yvir heidane.
Fram styrmer han
fus som ungfolen.
Tukka deg undan,
elles vert du ned-trødd.

Det brakar og bognar,
brest aargamal is.
Han villskogen rydjer,
med rot riv han upp
dei rauste kjempur.

Paa slik mann vert land bygt.
Han skaper historia.
Og stuper han sjølv,
det sloknar 'kje livet,
ho øydest inkje aandi.
Til mold morknar aldri hans bein.
Nytt liv sprett av deim,
ny-gror for heimen.

Finst slik ein hovding,
honom eg hyller.

Digitized by Google

Digitized by Google

TRIDJE BOLKEN

SIGER-RUNIR

Digitized by Google

Digitized by Google

A. Heimsens hovding.

I. Ljom.

Det mæler eit maal.
Det ljomar eit ljod.
Det omar eit ord yvir jordi.

*

Mitt ord er som eit logande sverd.

Det kløyver malm og merg og lyser som elding paa fjell.

Det dunar som tora paa tindom. Og det skjelv baade himil og jord.

Det susar som vinden i skog.

Det tusar som bekken i eng.

Det lokkar som hjuring-fløyta millom haugom.

*

Ljod meg gjeve
lydar alle!
Rike og ringe
seg rade ihop!
Fortelja vil eg
frøde fraa gamalt
og løyndomar fram
i ljoset føre.

Digitized by Google

I myrker murra
den manna-ætti,
men ljos paa tindom
hev longo sprotti.
Det som dult er endaa
for dagen klaare,
i berrsyni stend
for borni vaare.

•

Eit stortre i skogen
stend alltid grønt.
Greinar seg grivlar
til heimsens grensur,
krona til himils,
til Hel naar roti.
Men ingin veit endaa
kvar upp det hev runni.

Ingin veit endaa
kva alde det bar,
at derfraa kjem dogg
som i dalane fell,
dogg som fræver
og frukt gjev jord,
dogg som drykken
deg gjev den beste.

•

Skiraste sevja
spring ut fraa legg,
klaaraste kjelda
kjem upp or rot.
Der syd og strøymer
styrke-drykken;
der flyt og fløymer
livsens laug.

•

Digitized by Google

Høgt paa haugen
i hagen det stod
og breidde sine duskar
yvir duka bord.
Og ljuvaste alda
gav livsens nerk,
mot sott og sjukdom
du gjordest sterk.

Det livsens treet
vart løynt for mugen
— berre skiraste skaldom
det susa for hugen.
Den livsens kjelda
vart lagd under stein,
dit vegen visste
berre visdoms menn.

•

Ut or augsyni
alt var kvorvi.
Men ein litin teinung
spratt upp or torvi.
Og livsens magtir
lit gav og ham.
Upp vaks mætaste
manna-son.

•

Han vart hovding
som heve veldet.
Livsens lovir
lett han skipar.
Skapande ord
ut han slengjer,
og kveikjande gror
ny kjem paa jord.

Digitized by Google

Og kvar den sveinen
som kjem til heimen.
fær kveik av laugi
fraa livsens kjelda.
Seg sjølv han kjenner
som sprettande blom,
som grivlande grein
paa det grøne treet.

•

Det evige ljoset
er allheims liv.
Det skapande ordet
er livsens sæde.
Ordet fraa upphav
all æva varer.
Det skire ljoset
sloknar aldri.

Digitized by Google

II. Fagnad-ljod.

Soli skine paa fjellom nord
ned yvir gamle og unge.
Fuglen han sit paa grøne kvist,
so glad han rører si tunge.

•

Men no vil me kveda so ven ein song
og leike med tonane reine,
so fuglen i skogen skal undrast uppaa
og sitja og lyde paa greine.

•

Ja, me vil kveda so ven ein song,
og ljodet so høgt skal laate,
so djevelen og hans heile her
dei skal faa gange og graate.

•

Ja, me vil syngje so ven ein song,
at fuglen skal tagne paa kviste.
Og me vil kveda so sterkt eit ljod,
at Helvite det skal riste.

Digitized by Google

III. Kome alle!

Aa kome alle, stor' og smaa,
til Jesus Krist so vil me gaa.
Han er eit barn so mild i sinn,
di vil me stige til han inn.

•

Eg lyfter barnet høgt paa arm,
han fyller meg med kjærleik varm.
Eg stirer inn i auga mildt,
daa all mi lengsle ho vert stillt.

•

Han ser paa meg med augo blaa,
eg kann 'kje anna smile daa.
Eg veit 'kje kor det er med meg,
eg kann 'kje anna elske deg.

Digitized by Google

IV. Mannasonen.

Heil vere deg Herre Jesus Krist
du heve i heimen komi!

•

Davids trone i mold var lagd,
morkna var velduge kongemagt,
og ingin arven kund' taka.
Men av gomol rot til sist
grodde det upp ein einsleg kvist.
So fager han fram heve runni.
Heil deg, du hev kongsnamn vunni.

Ingin hev set so gjæv ein mann,
aldri vondt det fanst i han.
Ingin hev høyrt slike livande ord.
Sæla fylgde kvar han fór.
Døe til liv han upp reiste,
med djevelen torde han vreiste.
Han var fulla heimsens von.
Heil vere deg du mannason.

Paa jordi saag det ille ut,
men du tykte vondt i mugen.
All stad var det saknad og sut,
og sturne var dei i hugen.

Ifraa utgomol tid
Gud var inkje paa menneskja blid.

Digitized by Google

«Eit offer me maa honom gjera!»
Men ingin kunde ofret fram bera.
Jesus sae: «Sjaa her er eg,
meg maa De gjerne taka.
Menneskja gjeng paa synde-veg,
men eg er i synd inkje saka.
Eg vil vera det offerlam.»
Sjølv so bar han det offer fram.
Han vild' inkje menneskja skuld' forgangast,
fyrr vilde han sjølv for domen stande.

•

Dei toko han
og pinte'n med pinslur svare.
Dei toko han
og batt han paa krossen den harde.

Dei toko han,
dei tykte det ingin vande.
Sju timar han paa krossen hekk,
daa gav han upp sin ande.

•

Det vart myrker yvir land,
soli ho gat inkje skine.
Det bivra og skalv baade himil og jord,
og daudmenn or gravom mun trine.

•

«Han er daain, daain!
Felld som eit dyr!
Bleikna er sol me saag stige
med siger-von.
No livsens tjon
svart yvir heimen mun sige.»

•

Digitized by Google

Heil vere du Herre Jesus Krist!
Du braut deg fraa dauden med velde.
Du sleit sund Djevelens arge magt,
hans rike du heve under deg lagt
og dei som til honom var selde.
Tridje dagen var gravi tom.
Og herredom
Guds son du heve deg vunni.

•

No soli den raude
ho skin yvir myrkaste daude.
No ljoset det bjarte
blinkar i armaste hjarta.

Digitized by Google

B. Von.

I. Kvi drygjer du?

Jesus Kristus, Maria son, stig fram for oss, at me kann sjaa ditt andlit!

Jesus Kristus, mannason, stig fram for oss, at me kann høyre ditt maal!

Jesus Kristus, guddomsmann, stig fram for oss, at me kann fyllast av din ange.

*

Kvi tronar du kyrr i din himil?

Medan blad etter blad, bok etter bok krusar seg som skyir under dine føtar, og lufti er mett med dumbe fraa fagre ordblomar.

Der er eim av blod. Soleis fræner inkje røyken av milde bønir.

Reis ein storm fraa havet til aa blaase skyi burt, so dine venir kann faa øygne din glans!

Kveik ein brising til aa reinske lufti, og me vil kaste paa elden alle vaare papirtankar.

Me vil berre mettast av din ange.

*

Digitized by Google

Jesus Kristus, heimsens konge, syn deg for oss i din herlegdom, paa det me kann verte dine fylgjesveinar!

*

Dei hev klædt deg i likklæde, dei hev lagt deg livande i gravi, djupt nede i jordi — vakekvende syng vankvædne visur — ingin fær seg nærme, ingin fær deg sjaa, ingin fær kjenne din varme ande, utan dei gjev løyve.

Dei hev støytt deg i stein — som eit marmorbilæte skal du lyse for ætti. Og ingin fær steinen løyse.

Dei manar deg fram som ein draug, naableik, tufseleg, svivin, med didrande mæle.

Dei maalar deg som ein skugge paa veggen utan kjøt og blod og livande litir, eit graatt slør hev dei hengt fyri andlitet ditt.

Dei hermer dine ord, men tenkjer inkje dine tankar. Dei gjev deg fagre namn, dei *kallar* deg for sin gud men vyrder deg inkje som ein mann.

Kvi gjer du inkje etter dine ord?

Dei hev gjort seg pelsar av lodne skinn og sveipt kringum øyro og augo. Dei hev døyvt alle sine sansar; dei høyrer inkje og ser inkje, men roar seg med aa rope ditt namn. Som laatten or eit dragspel ljodar det for øyro.

Dei maggar seg paa mjuke lærestolar og gjer sitt hjarta feitt, og dei kjenner inkje røysti aat Herren. Dei fyller sin buk med halm og sin hug

Digitized by Google

med tome tankar. Dine profetar er som kyr, dei stend og jortar og beitar aldri ut paa det ferske beite.

*

Dine profetar, hev dei daa vorti sturne alle saman? Er det inkje ein einaste som forkynner din veg?

Tagalt og ljodlaust sit dei beste i landet, kvar ved sin aare, og tøygjer sine øyro og myser med augo og mullar og sullar.

Men kven er den som hev mod, kven er den som hev tru, kven er den som hev manndom til aa stige fram og lyfte merket:

«*Reise Gudsriket, fredsriket, rettferdsriket, Herrens hugsame aar!*»

Berrsøgne menn er borne burt. Ingin kann branden beite.

Digitized by Google

II. So talar Herren:

I himilen eg tronar, paa jordi eg set mine føtar. Kvar er huset De byggjer for meg? kvar er staden der eg kunde kvile?

*

Med munnen De ærar meg og hev meg paa lippom, men hugen er langt ifraa meg.

Med arge og ovund De fastar og slæst med gudlause nevar.

Er det sovorin faste eg likar: ein dag daa eit menneskje plaagar seg sjølv og reider si seng i sekk og oske? Tru det inkje var dette som betre eg lika: aa løyse paa gudlause lekkjur, rive burt reimar og band, sleppe trælane laus, sprengje sund kvart eit aak?

Tru det inkje var dette som betre eg lika: at du bryt ditt brød aat den svoltne og læt heimlause stakarar koma i hus? naar du ser einkvar nakin at du gjev honom klæde?

Naar du byd den svoltne det som sjølv du likar og mettar ei lidande sjæl, daa skal ditt ljos

---

Esâias.

Digitized by Google

kveikjast i myrkret og di dimme klaarne som paa høgstedags leite. Og Herren skal deg leide og mette di sjæl paa turraste lende og magne dine bein. Du skal verte som ein hage med jamleg rennande vatn. Og sønir skal byggje paa utgomol tuft og reise upp nedvelte grunnar.

*

Dykkar høgtid eg hatar, og dei lange bønir dei trøyter meg. Mine augo eg løyner, naar fram De retter dei blodsprengde hendar.

Sylvet ditt er slagg, vine ditt er vatn, fullgode tjuvar er dei som deg fører. Dei farlause svik du, enkjur du narrar, for pengar gjer du alt. Mi trugne møyi hev skjemt seg ut, rettferdsheimen er full av mord.

Og difor so segjer den veldige Gud: eg skal valdsmannen hemne, eg vil smelte upp att slaggen.

So segjer Herren som himilen skapa, han den gud som jordi hev laga, han lagde tufti inkje til øydeland men til aa byggje og bu: eg er Herren, der er inge fleire.

Skynar De inkje? Høyrer De inkje? Er det inkje forkynt dykk ifraa fyrstningi?

Han er daa den som breider himlane ut som eit tjeld, som gjer fyrstar til inkjes, og domarane paa jord lyt faafenge stande. Dei er inkje rett anten planta eller rotfeste, fyrr han hev blaasi paa deim, og dei turkar, og ein storm fører deim burt som straa.

Digitized by Google

Men kveikjast skal alle som bider paa Herren, som ei ørn skal dei lyfte sine vengir.

*

Sjaa Herrens hand, ho er inkje for stutt til frelsing aa gjeva, og øyra hans er inkje dauvt, so han inkje dykk høyrer.

Misgjerningane daare det er, som skilsmaal hev gjort millom Gud og dykk, og syndine daare hans andlit løyner, so han inkje dykk vil sjaa, inkje dykk vil høyre. For med tunga De talar urett og lygn, ingin fer ærleg og retteleg fram, faafengd og ulukke dei avlar.

Basilisk-egg legg dei, og kongrov-vev spinn dei. Døy maa den som eggi et, ølur kryp fram.

Tyning og tjon er paa vegom deira. Fredsstigen kjenner dei inkje, men fer krokvegjes fram.

Difor er rett og rettferd langt burte fraa oss.

Me ventar paa ljos, og det er berre dimt — paa det klaare solskin, og i kolende myrker maa me gange. Me trivlar oss fram som blindingar langs veggen. Me snaavar midt paa dagen som um det var i skumingi. Paa feitaste markom stend me yrkjelause.

Me gjeng og murrar som bjørnar alle til saman, og som duva me kurlar. Me ventar paa retten, og han kjem inkje, paa berging, og bergingi er langt ifraa oss.

Digitized by Google

III. Kongen.

Eg drøymde, og eg dømde og klaga mi naud. Og ei heilag aand tala til mitt hjarta. Inkje til trøysting, men til aa lære sanning.

Sanningi laag fyri augo mine som ei uppslegi bok.

*

Eit folk ser eg mognast, klaartenkt og djervt. Eit folk som Gud vilde vitja, naar tidi hans kom.

Og Gud vitja folket, daa tidi hans kom. Men folket svara: «Endaa er inkje *mi* tid komi.»

Og Gud kom att ein annan gong, vilde vitja sitt folk. Men folket svara: «*Mi* tid er inkje komi.»

Og Gud kom endaa ein gong, vilde vitja sitt folk. Men aldri var tidi komi. For Gud var tidi komi, men for folket var ho inkje komi.

*

Kva vilde du Gud, med du vilde vitja ditt folk?

Digitized by Google

«Konge vilde eg vera og raade yvir folket. Eg aaleine.
Mi lov vilde eg skrive i hjartom deira.»

*

Eg ser dine spor: ei lysande stripe gjenom skoddeheimar.

Rudt vert tunet for gamle gudar. Blodvætt jord stig ny or hav. Milde vindar blæs yvir grornæmt land.

Daa vilde den store stige paa domstolen. Han som sakir sættar og domar set, dei som vara skal.

Men dei sette kjøt for sin arm. *Heilag Olav!* dine hendar dei dryp av blod.

Men eg veit ein annan som blødde: *Kristus, kongen vaar.*

*

Eit rop skjer seg gjenom ei myrk natt: *Savonarola!* Ditt *hjarta* blødde, med elden leika kringum ditt hovud. Merkjesmann var du, som kravet reiste:

«Kristus er kongen vaar. Han og ingin annan!»

Men dei sette kjøt for sin arm. Dei lagde bøkar for sine augo, tankespinn vatt seg kringum øyro.

Dei gjorde kongar til sin gud, men inkje Gud til sin konge.

*

Digitized by Google

Sus og brus fraa folkesvarmar tyt og aldri tigjer, tyt natt og dag. Manns-maal høyrer ingin. Men saare hjarto sukkar.

Og naar Gud kom og vilde vitja sitt folk, var det ingin som ropa: hosianna!

Drog du att din veg, Herre?

*

Drøymde eg eller saag eg?

Saag eg skuggen din, daa du flydde?

Det var som susande vengir fór yvir hovudet mitt. Det var som ei varm vindbylgje leika kringum meg, og eg datt aa gruve, eg laut løyne mitt andlit.

*

Eg kjenner meg som eit lite lam som er skilt fraa flokken og med dinglande bjølle fer aaleine i skogen.

Men ingin høyrer granne bjøllur som inkje einsam vaker i natte-stilla.

Berre dette er mi trøyst: Er det god malm i smaae bjøllur, so hev det endaa ingi naud.

For av smaae bjøllur kann ein gong den store kyrkjeklokka verte støypt som skal ringje Norigs folk saman.

Maalet hennar skal ljome so tungt, at det dunar yvir heid og myrke skog og vekkjer sovande i kvar ei stogu fraa fjøru til fjell.

Og dei kjem fram fraa kvar ein dal, fraa kvart eit torp og tun.

Digitized by Google

Og alt Norigs folk høyrer det syng i lufti eit manande maal, ei malmdjup kyrkjeklokke ringjer ut yvir allan heim:

«*Kristus er kongen vaar. Han og ingin annan. Sjaa, vaar kongen han kjem!*»

Og alt folket fell paa kne og helsar:

«Ditt rike kome!»

*

Naar Herre?

«Naar mitt folk kjenner si vitjingstid.

Daa vil eg skrive mi lov i hjartom deira, og dei skal vera mitt folk. Og smaae og store skal kjenne Gud.»



Digitized by Google

IV. Hemn.

Kvifor stukar heidningane og grundar folki paa det som faafengt er?

Kongane paa jordi reiser seg, og fyrstane legg raad mot Herren og den som han hev salva:

«Lat oss sprengje bandi deira og kaste reipi deira fraa oss!»

Han som tronar i himilen lær. Herren spottar deim.

*

Og han saag at der ingin var. Og han undra seg yvir at der ingin var som førde saki hans.

Daa lyfte han den sterke arm, brynjuklædd i rettferds harm og sigerhjelm paa hovud. Han sveipte hemn-hamen kringum seg.

Og fraa solarkome til solarglad skal dei ottast ditt namn.

Salme 2, 1—4. Esaias.

Digitized by Google

C. Siger.

I. Vaar-vêr.

Eit vêr ovrar seg i himilsyndi: Herrens veldige vêr, Herrens velsigna vêr.

Englar fèr yvir himilen, skjote som stjerne-rap, med skondur i hendane.

Det torar og det braar, og det logar og lyser yvir fjell og myrke skogar.

Kjenner du inkje kor friske gustar deg leikar um kinn?

*

Legg øyra til jordi og lyd!

Du høyrer hovslag langt undan. Hestar kneggjar, mannsmaal ljodar.

Skoda ikring deg!

Du ser govskyi langt austpaa viddi. Kringum haugane kvervlar sandføykja seg upp.

Gøym deg, er du rædd!

For stormenn kjem her paa vitjing.

Han som inkje fæler for aa bruke svipa. Han som inkje er rædd for aa syne magti. Han som vel torer lata dykk høyre sitt maal.

Digitized by Google

Bjode vil han, og lyde maa De. Den som magti eig, skal bruke ho.

*

Gøyme dykk inkje!

Straa heller blomar fyri hans fot!

Byggje høge portar for han, so han kann ride inn utan aa bøygje sitt hovud!

Slaa hjarte-døri upp for han!

*

Sjaa vêret lygnest av.

Blank og bjart rid det ein fram or skogen paa kvite hesten, stor og fager.

Det er magt i mannslege andlit. Det er eld i milde augo. Det er solarglim yvir gule lokkar.

Mannasonen!

Min tenar, min ven, min herre!

Heimsens konge!

Og helsarmaal ljodar fraa tusund brjost:

Dyrd vere honom,
fraa uppheimen!
Fred og fagnad
hjaa mann og møy!
Sæl er di kome paa fegins-dagen!

Digitized by Google

II. Ormen.

Høge hovding i himin-sal
han tyktest i hugen svide:
«Ille er det i mannaheim,
for ormen so mun dei lide.»

Det var ingin i dette land,
som kunde den ormen binde
utan Krist den guddoms-mann,
men han munde sigeren vinne.

Det var ingin i denne heim,
som kunde den ormen bende
utan Krist den frægde svein
fyrst han tok seg raad i hende.

Det var Krist den siger-mann,
han lyser so gladt eit ord:
«No hev eg jaga ormen av land,
han er 'kje paa denne jord.

Ormen ligg i hellom nord,
er bundin med sterke reimar.
Fred eg lyser yvir jord
og fagnad i manna-heimar.

Digitized by Google

Ormen ligg i hellom nord,
er bundin med sterkom bande.
Og fyrst eg segjer eit domar-ord,
bleik daa skal han stande.»

Digitized by Google

III. Heil!

Heil so vere du Kristus frægd
og heil vere raadine dine!
Kvar ei sjæl maa no hava tægd
for sorg og sutine sine.

•

Vent so er det i Himerik
og godt er det der aa una.
Men kallegt er det i Helheimen,
der Djevelen gjeng og lonar.

Betre er det med Kristus liva
og paa honom aa tru,
enn det er med ormom aa antrast
og med draugom aa bu.

Betre er det med Kristus liva
og vera fegin og sæl,
enn det er i sottom aa sviva
og tærast av talm i hel.

•

Lova vere Kristus i allom stad,
han ser ned til oss med blide.
Klokke-klang og heilag ljod
skal leike for deg under lide.

•

Digitized by Google

Heil vere du Herre Jesus Krist!
Du heve min frelsar vorti visst,
du Gud i sann
du frægdar-mann,
du heve meg frelst fraa Djevelens list
fraa dauden si magt,
alt under deg lagt,
heil vere du Herre Jesus Krist.

Heil vere du Herre Jesus Krist
i hægste hægd,
i lægste lægd,
i glede og naud,
i liv og i daud,
med manna-ord,
i engle-kor.
Lova vere Krist i allom heim!
Lova vere Krist i alle stundir!
Heil deg Krist, du hev kongsnamn vunni!

Digitized by Google

IV. Guds ord.

Leiti er vide.
Gud hjelp oss aa stride!
Med ord og med arm,
med hugen varm.
For ordet ditt det reine,
at det maa aaleine
i hjartom gøymast
og aldri forgløymast.
Paa heimeleg tunge
— kom gamle og unge —
me vilja prise Gud i allom tid.
Sæl vere Herren for raadine sine!

Digitized by Google

Digitized by Google

Innhald:

Fyriord. Vegen. Langleite.

Uheils-runir.

I. Heimstreet . . . . . side 7
II. I draumelandom . . . . . » 10
III. Koma til livet . . . . . » 13
IV. Uppvokster . . . . . » 16
V. Gud er . . . . . » 19
VI. Striden mot Gud . . . . . » 22

Alrunir.

A. Brigde.

I. Drengen . . . . . » 37
II. Hugvending . . . . . » 43
III. Nytt liv . . . . . » 45
IV. Sæle . . . . . » 48

B. Visdom.

I. Hugtraa . . . . . » 51
II. Solfjell . . . . . » 53
III. Attersyn . . . . . » 56
IV. Gull-eple . . . . . » 59

C. Livsens lov.

I. Utferd . . . . . » 61
II. Livs-ovring . . . . . » 63
III. Tri systrar . . . . . » 70
IV. Hovding . . . . . » 78

Digitized by Google

Siger-runir.

A. Heimsens hovding.

I. Ljom . . . . . side 83
II. Fagnad-ljod . . . . . » 87
III. Kome alle! . . . . . » 88
IV. Mannasonen . . . . . » 89

B. Von.

I. Kvi drygjer du? . . . . . » 92
II. So talar Herren . . . . . » 95
III. Kongen . . . . . » 98
IV. Hemn . . . . . » 102

C. Siger.

I. Vaar-vêr . . . . . » 103
II. Ormen . . . . . » 105
III. Heil! . . . . . » 107
IV. Guds ord . . . . . » 109

UNIV. OF MICHIGAN.

OCT 19 1912

Digitized by Google

Digitized by Google

Digitized by Google

UNIVERSITY OF MICHIGAN
3 9015 03007 4515



Digitized by Google